


Kystbeite med kamskjell

Prosjektet "Bunnkultur kamskjell" starta i 1993 i samarbeid mellom Havforskningsinstituttet og bedrifta Taroskjell AS i Roan kommune i Sør-Trøndelag. Frå 1994 er Fiskerisjefen i Trøndelag ein viktig part i samarbeidet. Havforskningsinstituttet samarbeider med forskningsinstitusjonar i Frankrike, Irland og Skottland i EU-prosjektet "Scallop seabed cultivation in Europe" (1993 - 1996). EU-prosjektet dreiar seg om å utveksla resultat frå nasjonale forsøk og gjennomføring av felles feltforsøk.

Kamskjell (*Pecten maximus*) i fersk eller frosen form er eit velkjent sjøprodukt med stor marknad. Produksjonen i verda ligg på omlag 1 million tonn rund vekt. I Europa har produksjonen gått ned dei siste åra som fylgje av overfangst av naturlege bestand. I Frankrike vart det produsert 9.000 tonn i 1991. Det er ei halvering frå 1980. Den norske marknaden er i dag på 70 tonn. 30 tonn vert hausta frå norske naturlege bestand, resten vert importert.

4 - 5 år til marknadsstorleik

Kamskjell må ha eit minstemål på 104 mm for å verta omsett på den franske marknaden. Då er skjella omlag 150 gram.



Biletet viser stort kamskjel som gyt.

(Foto: T. Wahl)

Kamskjellet er klart for utsetjing i botnkultur når skallet er 30 - 45 mm (2 år). 2 - 4 år etter utsetjing kan skjellet haustast og er klar for marknaden. Då er skallet omlag 100 mm og rundvekta 150-180 gram.

Tilveksten kan målast avdi det dannar seg årringar. Veksten minkar om vinteren og det vert eit markert skilje i skalloverflata når veksten aukar i mai-juni på grunn av høgare temperatur. I gjennomsnitt er skalla 100 mm når kamskjellet er 4 - 5 år.

Yngel, mellomkultur, botnkultur

I Noreg har vi store område som høver for å ala opp kamskjell i botnkultur. Ved Øygarden Klekkeri og Austevoll havbruksstasjon er det kome i gang jamn produksjon av kamskjellyngel. Målet er å ha klar 1 million yngel til utsetjing i mellomkultur hausten 1994. Den yngelen vil verta sett ut i botnkultur i Trøndelag og Hordaland i 1995.

I mellomkulturen står yngelen i nett eller kassar for å vera verna mot predatorar. Skjella er i mellomkultur frå yngelen er 2 mm til han kan setjast ut etter 1,5 år. Då har skallet vorte 30 - 45 mm. Veksten fram til hausting skjer så på naturlege botnområde. Skjella vert sådde ut med 5-10 individ pr. kvadratmeter og etter tre vekstsesongar er dei klare for hausting.

Forsøk med lokale bestand

Føremålet med "Bunnkultur kamskjell" er å setja ut kamskjell, samla frå lokale bestand, i merkeforsøk på lokalitetar for kystbeite. Frå 1994 skal det setjast ut klekkeriprodusert yngel i storskala-forsøk.

Botnkultur kan drivast på område frå 10-30 meters djupn med sand og grusbotn. Botnen må vera stabil, det vil seia at lokalitetar som er utsett for sterke straumar eller bølger, ikkje høver. I Froan vart tettheita av kamskjell registrert 0,78 skjell pr. kvadratmeter i område som høver godt for kamskjell.

Forflytting mot grunnare område

Stort kamskjell sym ved å lukka skalldelane mot kvarandre med pulserande rørsler. Mange har tidlegare trudd at kamskjell har orienterte massevandringar, men det er ikkje stadfesta. Ein har rekna med at predatorar og straumretning har vore dei viktigaste grunnane til at kamskjell har

flytta seg.

I Fosen vart det sett ut 1213 individmerka kamskjell (34 - 104 mm) fordelt på tre avmerka felt på 10 x 10 meter. Forsøkslokaliteten har skrånande sandbotn frå omlag 10 m djup og utsetjingsfelta var plassert på 12 - 18 m djup.

Seks månader etter utsetjinga viste det seg at i dei to felta som hadde størst utvandring, hadde 95 og 100 prosent av skjella forflytta seg. Dei lengste flyttingane var 20 - 30 meter. Alle skjella hadde flytta seg i same hovudretning mot grunnare vatn.

Predatorar og predatorkontroll

Dei viktigaste fiendane til kamskjell er sjøstjerner og taskekrabbe. I EU-programmet er kontroll med predatorane eit viktig tema. Ein veit at det vert eit problem i botnkulturar der kamskjella ligg mange gonger tettare enn i naturlege førekomstar.

I Fosen fangstar Tarskjell A/S kamskjell frå naturlege bestand. Dei driv også ei form for botnkultur på område der dei lagrar skjell som er for små til å seljast.

I samband med predatorkontroll i høve til mellomkulturen vart det sett ut 5.000 yngel (5 - 15 mm) på 15 meter djupn i desember 1993. Ynglen vart inngjert i ei not på 10x10 m. Registrering av yngel og predatorar, og dokumentering med video skal gjerast av Taroskjell AS.

Etablering og næringsutvikling

Fiskerisjefen i kvart fylke gir konsesjon for oppdrett av kamskjell. Ved oppdrett i botnkultur vil store botnareal verta brukt. Denne aktiviteten er lite til hinder for ferdsel og ein del former for fiske.

Fylkeskommunane på Vestlandet og i Trøndelag arbeider for at oppdrett av kamskjell skal verta ei ny kystnæring. Målet er å læra opp interesserte skjelldyrkarar som kan starta med oppdrett i løpet av 1995.